

# Felles studieadministrativt tenestesenter

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Dato: 03.10.2016  
Dykkar  
ref.: 16/3704  
Vår ref.: 2016/8664

## Høyringsfråsegn - forslag til endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning

Vi viser til høyringsbrev av 4. juli 2016. Felles studieadministrativt tenestesenter (FSAT) har vurdert endringsforslaga, og kjem her med vår uttale.

### ***Kvotar/tilleggs-poeng for underrepresentert kjønn***

FSAT ser at det er eit uttalt ønske frå Stortinget i *Meld. St. 7 (2015-2016) Likestilling i praksis – Like muligheter for kvinner og menn*, om å innføre tiltak for å auke delen av det underrepresenterte kjønnnet i høgare utdanning. Stortinget har vedteke at dei ønskjer ei utgreiing om ekstrapoeng til studium der det til dømes er 80 prosent eller fleire studentar av eitt kjønn.

FSAT har lagt ved talmateriale som viser talet på mannlege studentar på alle studium som er med i det samordna opptaket. I talmaterialet kan ein sjå fordelinga på kjønn for alle studia som er med. FSAT har markert med raudt der mannlege søkjarar utgjør 20 % eller mindre, i 2016. Vi har òg vedlagd ei detaljert oversikt over alle psykologistudia.

FSAT vil peike på at kjønnsfordelinga blant møtte studentar på kvart enkelt studium speglar samansetninga av kjønn hos søkjarane til desse studia. Erfaringa frå tenesta Samordna opptak er at søkjarane ikkje blir nemneverdig påverka av tiltak i sjølve opptakskonkurransen. Vi ser at Stortingsmeldinga (*Meld. St. 7, 2015-2016*) nemner dette og vidare skildrar fleire tiltak for auka likestilling blant studentane, mellom anna rollemodellar, nettverk, sosiale forhold, kunnskap og rådgjeving.

I dag nyttar opptaket ei ordning med tilleggs-poeng for det underrepresenterte kjønnnet på nokre studium. Opptaksforskrifta opnar for at det kan nyttast enten 1 eller 2 slike tilleggs-poeng. Tenesta Samordna opptak har sett på kva ei slik ordning ville gitt av resultat på profesjonsstudia i psykologi ved Universitetet i Oslo og Universitetet i Bergen for opptaket til studieåret 2016 – 2017. Vi har nytta statistikken for dei som fikk eit studietilbod i ordinær kvote og lagt til 1 og 2

tilleggs poeng på mannlege søkjarar. Vi ser at sjølv med berre 1 tilleggs poeng aukar andelen mannlege søkjarar betrakteleg. Tal frå denne testinga ligg vedlagd.

Teknisk kan ein innføre kjønns poeng med eit enkelt grep, ved å leggje til eit kravelement for kjønns poeng i algoritmen som reknar ut poengsummen til den ein skilde søkjar. Desse poenga vert lagt til i alle kvotane for dei aktuelle studia, altså i ordinær kvote og kvote for førstegongsvitnemål. Ved ei slik løysing må departementet ta stilling til om det skal gis eitt eller to tilleggs poeng, jf. § 7-9 i opptaksforskrifta.

Alternativet er ei eiga kvote for underrepresentert kjønn, som må ordnast ved at ein lagar nye kvotar for underrepresentert kjønn som del av allereie eksisterande kvotar. Det vert då ei kvote for underrepresentert kjønn innanfor den såkalla ordinære kvota, det same innanfor kvota for førstegongsvitnemål og i eventuelt andre, t.d. geografiske, kvotar. Deretter lagar ein reglar for kvoterekkjefylgje (kva for ein kvote tek ein opp i først) og kvoteflyt (kva som skal skje med kvoteplassar som ikkje kan fyllast fordi det ikkje er nok kvalifiserte søkjarar). Reglane må implementerast i opptaksprogrammet. Departementet må ta stilling til både kvotestorleik og eventuelt andre kvalifiserande krav.

Poenggrensar innanfor ein særskild kvote blir noko heilt nytt i opptaksmodellen. Det vil bli vanskeleg for søkjarar å orientere seg om ulike kvotar der minimumspoenggrenser varierer frå studium til studium, og frå institusjon til institusjon. Det finnes allereie mange ulike kvotar i opptaket (t.d. nordnorsk kvote, samisk kvote, praksiskvote), og å opne for moglegheita til å ha ulike poenggrensar innanfor desse kvotane, kan føre til at søkjarane mister oversikta.

FSAT ser for seg tre moglege alternativ for å auke delen av det underrepresenterte kjønn:

- Tilleggs poeng for det underrepresenterte kjønn, jf. § 7-9, der ein vel om det skal leggest til 1 eller 2 poeng.
- Kvote for det underrepresenterte kjønn, på ein viss prosent, i både førstegongsvitnemål og ordinær kvote, i tillegg til andre kvoter.
- Det same som i punktet over, og i tillegg ei poenggrense (t.d. karakterpoeng, skulepeng eller konkurransepoeng) innanfor kvota.

FSAT tilrår at det ikkje vert innført ein kvote på t.d. 30 % til det underrepresenterte kjønn med ei tilknytt poenggrense, jf. det tredje og siste alternativet over. I praksis endrar poenggrensene til studium seg over tid, på grunn av talet på søkjarar og auka konkurranse. For at ei slik bestemt poenggrense ikkje skal bli for urimeleg for dei som er omfatta, må poengrensa i kvota bli justert med bakgrunn i opptaksgrensene året før. Dette vil auke kompleksiteten både for søkjar og

opptakssystemet.

Vurderinga til FSAT er at ei ordning med to tilleggspoeng til det underrepresenterte kjønnnet, er eit betre tiltak enn innføring av kjønnskvote med poenggrenser. Ei ordning med tilleggspoeng tek òg automatisk omsyn til at poenggrensene endrar seg. Særleg på studium med høge søkjartal vil ordninga med tilleggspoeng auke delen av det underrepresenterte kjønnnet, og gi den verknaden Stortinget ønskjer.

FSAT vil òg påpeike at det bør gjennomførast ei meir einskapleg løysing der alle studium med ei ujamn fordeling mellom mannlege og kvinnelege studentar blir med i ordninga. Eit minimum bør vere at alle studium innanfor ein kategori av studium får same løysing. Til dømes bør ei ordning som skal innførast på profesjonsstudium i psykologi, bli gjort gjeldande for alle studium innan helse.

### **Kapittel 3 Unntak frå krav om generell studiekompetanse**

#### ***§ 3-6 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte kunstfagkrav***

FSAT påpeiker at generell studiekompetanse (GSK) er det normale grunnlaget for opptak til høgare utdanning. Kravet er forskriftsfesta, og det er berre i heilt spesielle høve at eit studium kan få unntak. At ei utdanning har kunstnarlege trekk er ikkje tilstrekkeleg for å få innvilga unntak frå kravet om generell studiekompetanse.

Den norske filmskulen (DNF) har opplyst til Kunnskapsdepartementet at hovudregelen framleis skal vere at søkjarane både skal ha GSK og bestå opptaksprøva. FSAT støttar forslaget om å leggje til ei presisering i § 3-6 fyrste ledd om at GSK er det normale kravet for alle studia lista opp i denne føresegna. Vi er likevel ikkje sikre på at dei andre lærestadane som er lista opp i denne fråsegna har oppfatta at deira studium skal praktisera unntaket på denne måten, og vonar at dei får med seg presiseringa.

### **Kapittel 4 Spesielle opptakskrav**

#### **§ 4-2 Spesielle opptakskrav til enkelte helse- og veterinærfag**

##### ***Spesielle opptakskrav til Bachelorutdanning i farmasi***

FSAT ønskjer å behalde eit føreseieleg opptakssystem der tilnærma like studium har like opptakskrav, fordi vi meiner det er til det beste for søkjaren. Det kan vere forvirrande for søkjarar, som ofte søkjer seg til fleire studium av lik karakter og lengde, om dei er kvalifiserte til enkelte studium, men ikkje andre. Samtidig ser det ut til at søkjarar forstår eit system der opptakskrava til

eit integrert masterstudium ikkje har same opptakskrav som eit bachelorstudium innan same fagområde, jamfør til dømes ernæringsstudia.

FSAT ser at ønsket om skjerpa opptakskrav frå HiOA, NU og UiT har bakgrunn i eit lengre arbeid med å samordne farmasiutdanninga. Lærestadane grunnjev fagleg kvifor kravet bør skjerpast, og kvifor Kjemi 1 bør vere eit fast krav, og ikkje berre eit valfritt fag frå vidaregåande skule.

FSAT støttar forslaget om at HiOA, NU og UiT får nytte eit skjerpa opptakskrav på bachelorutdanninga i farmasi.

FSAT støttar ikkje forslaget om at det nye kravet skal gjelde allereie frå og med opptak til studieåret 2018-2019. FSAT meiner at det nye kravet ikkje bør gjelde før opptaket til studieåret 2019-2020. Slik sikrar ein at søkjarane får tid til å kvalifisere seg til studiet, dersom dei ønskjer å ta Kjemi 1 på vg2 og Kjemi 2 på vg3. FSAT viser til at elevane i vidaregåande skule vel programfag for vg2 i vg1, og FSAT si erfaring er at ved mange vidaregåande skuler må elevane velje fag allereie før i haustsemesteret på vg1.

### ***Spesielle opptakskrav til tannteknikarutdanning***

FSAT ser at HiOA har grunnlag for å ønskje seg ei fjerning av det spesielle opptakskravet «Matematikk R1 eller Matematikk (S1 + S2) eller Fysikk 1 eller Kjemi 1». FSAT meiner at det ikkje bør krevjast spesielle forkunnskapar i realfag, viss dette ikkje er naudsynt for å kunne gjennomføre eit studium.

Med same grunngeving som er nemnd over, er FSAT skeptisk til å innføre ei opptaksprøve som skal vise at søkjaren har eigenskapar for eit yrke. Vi meiner at det er eit fullført studium som skal gje studentane dei kunnskapane og ferdigheitene dei treng for å bli tannteknikar.

FSAT støttar at dei spesielle opptakskrava til tannteknikarutdanninga ved HiOA blir fjerna, at ordninga blir permanent, og at HiOA ikkje får innføre ei opptaksprøve til dette studiet.

### ***Bachelor i ernæring ved Høgskulen Kristiania og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet***

FSAT støttar at både HK og UiT får nytte opptakskravet i § 4-2(6) til sine bachelorstudium i ernæring. FSAT ser det som heldig for søkjarane si oversikt at innføringa av dei nye opptakskrava blir tidsmessig lik innføringa av dei same krava til ernæringsstudium ved UiA.

HK og UiT bør få nytte dette kravet frå og med opptak til studieåret 2019 – 2020, slik at søkjarane får nok tid til å kvalifisere seg til desse studia.

Slik sikrar ein at søkjarane får tid til å kvalifisere seg til studiet, dersom dei tek Kjem 1 på vg2 og Kjemi 2 på vg3, og/eller Matematikk S1 på vg2 og S2 på vg3. Vi viser òg til tidspunktet for val av programfag på vidaregåande skuler, som er omtala over i vår uttale om skjerpa krav på bachelorutdanninga i farmasi. Elevar i vidaregåande skule vel programfag for vg2 allereie i haustsemesteret i vg1, det vil seie før endringane i opptaksforskrift blir vedteke og kunngjort.

Generelt ser FSAT at ei for rask igangsetjing av endringar i opptakskrav blir eit problem for søkjarane, og ein lengre varslingsperiode er meir føreseieleg for dei.

#### **§ 4-10 Spesielle opptakskrav til diverse fag**

FSAT støttar at oppføringa av diverse studium ved WOACT blir uendra under denne føresegna. Vi vonar òg at WOACT framover vil sende inn alle namnendringar på studium innan 15. april året før slike namnendringar trer i kraft, slik at forskrifta er oppdatert og korrekt.

### **Kapittel 7 Rangering av søkjarar ved opptak**

#### **§ 7-2. Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote**

FSAT har foreslått ei endring i ordlyden i fyrste ledd sidan det er *forskrift til opplæringslova § 3-43* som definerer føresetnadene for å få utstedt eit førstegongsvitnemål: *“Førstegongsvitnemål (...) blir gitt til den som ved utløpet av normal tid i tråd med fastsett opplæringsløp i læreplanverket, har bestått vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse (...) Elevane kan få ført på førstegongsvitnemålet karakterar som er forbetra innan utløpet av normal tid. Det er mogleg å få ført på karakterar i fag som går utover minstekravet til studiekompetanse, og som er oppnådde innan utløpet av normal tid.”*

FSAT meiner det ikkje er naturleg å definere tida for opplæringsløpet i opptaksforskrifta § 7-2 (1), ei heller for forsøksordningar. FSAT støtter denne endringa i opptaksforskrifta

Med helsing

Grete Christina Lingjærde  
direktør

Katrine Elida Aaland  
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er derfor ikke signert.